

**I berre trøya på Grønland**

10.05.2010

**Dag nummer 15 til Grønland-ekspedisjonen var prega av strålende sol og vindstille og deltakarane gjekk i berre trøya.**

**Vindjakker og bukser måtte av og nokon vurderte å gå heilt i nettoen, heiter det i rapporten.**

Likevel var det ganske tungt å gå i den blaute snøen og dei var ganske møre i beina til kvelds.

Ekspedisjonen slo leir på 2.320 meter etter å ha gått litt opp og ned etter toppunktet og dagsdistansen vart 30 kilometer. Samanlikninga med ein ekspedisjon som gjekk i 2009 er nesten utruleg: I same området opplevde den ned til 40 minusgrader og minus 30 midt på dagen.

I dag (måndag) tek dei sikte på å ha ein meir avslappande dag med rundt 20 kilometer.

Ekspedisjonen har fått ei helsing frå den ekspedisjonen som dei møtte ein dag. Einar Kvam frå Noreg meldar at dei har kome vel fram sjølv om isfallet på slutten var krevjande.

Av Ola Matti Mathisen